



Stiftarane i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter

Askvoll kommune	v/Frida Melvær
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	v/ Anders Ryssdal
Norsk Ornitologisk Forening	v/ Kjetil Solbakken
Værlandet Vel	v/ Anders Braanaas
Stiftinga Alvhilds Minne	v/ Elin Blom Vesterås

### **Søknad om midlar til midlertidig drift**

Styret i stiftinga har i styremøte den 26. mai 2015 vedteke å søkje om driftstilskot som kan dekke ei minimumsdrift av stiftinga fram til 1. september 2015. Referat fra styremøtet ligg vedlagt.

Beløpet utgjer til saman kr 250.000,-. Med ei fordeling på stiftarane etter innbetalt grunnkapital blir søkeradsbeløpet fordelt slik:

Stiftar	Grunnkapital	Andel	Andel søkeradsbeløp
Askvoll kommune	50.000	40%	100.000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	50.000	40%	100.000
Norsk Ornitologisk Forening	10.000	8%	20.000
Værlandet Vel	5.000	4%	10.000
Stiftinga Alvhilds Minne	10.000	8%	20.000
<b>TIL SAMAN</b>	<b>125.000</b>	<b>100%</b>	<b>250.000</b>

Kva inngår i summen på kr 250.000,-? Sjå eige vedlegg

### **Bakgrunn for søkeraden**

#### Kva ynskjer vi å gjere i perioden fram til 1. september:

Styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter har sidan opninga i 2012 arbeidd for å få til ei langsiktig finansiering av drifta av Norsk Sjøfuglsenter. Styret har levert to søkerader om autorisasjon til Direktoratet for naturforvaltning, no Miljødirektoratet, ein i 2011 og ein i 2012. Ingen av søkeradane vart imøtekommne. I 2013 og 2014 har ikkje direktoratet gitt høve til å søkje om slike driftstilskot til nye einingar (autorisasjon), men det er no varsle ny søkeradsrunde for autorisasjon av eit informasjonssenter i 2015, med søkeradsfrist no i sommar. Styret har i møtet 26. mai 15 vedteke å sende inn søkerad, sjølv om sjansane er små fordi det er mange om beinet og i gangsett aktivitet tel sterkt i konkurransen.

Vi vil også søkje om å komme med i eit nasjonalt program for rydding av marint søppel. Dette programmet har søkeradsfrist no i juni.



Vi ynskjer å ha ein ide-dugnad i Værlandet no i juni/juli for å sjå om det er råd å få til eit samarbeid med lokale aktørar om utvikling av Norsk Sjøfuglsenter. Korleis integrere det i eksisterande tilbod og utvikle nye. Det kan m.a. vere aktuelt med eit samarbeid med Norsk Ornitoligisk Foreining om utvikling av sjøfuglrelatert opplevelingstilbod.

Vidare er det signalisert at ny tilsetting i SNO-stillinga i fylket kan komme til å skje med utgangspunkt i Norsk Sjøfuglsenter, men dette ligg i hendene til fylkesmannen og er førebels usikkert. Forventa avklaring mot slutten av 2015/ starten av 2016.

#### Kva skjer etter 1. september?

Utan økonomi til å tilsette driftsansvarleg, har styret teke seg av alle administrative oppgåver og Værlandet Gjestehamn AS har stått for billetsal og drift av utstillinga. Når Stiftinga ikkje har økonomi til å tilsette ein driftsansvarleg på Værlandet, så kjennen Værlandet Gjestehamn seg åleine med utfordringane. Stiftinga sine billettinntekter er også reduserte frå 2013 til 2014, og er uansett marginale når ein ser på kva kostnader drift av utstillinga medfører. I tillegg har utstillinga no vore uendra i tre sesongar og nye investeringar må til både når det gjeld utstyr og utstillingselement.

Basiskostnadane som husleige, strøm, tlf. i heis, reparasjon og vedlikehald av utstilling, marknadsføring, rekneskap, møteutgifter osb. utgjer om lag 350.000 per år. Nye investeringar og løn til ein evt. tilsett kjem i tillegg.

Til denne tid har Stiftinga klart seg på resterande tilskot, på tenester utført for fylkesmannen og bilettinntekter. Men ved nyttår var tilskotet brukt opp, og ein må finne andre inntektskjelder. Det har vore jobba mot eit oljeselskap med tanke på sponsormidlar utan at ein kom i mål med dette.

Dersom søknaden om autorisasjon ikkje blir imøtekommen, må ein vurdere drifta vidare. Skal ein halde fram som ei stifting, så vil dette medføre innbetaling av meir kapital frå stiftarane. Ein må då vurdere om stiftinga bør avviklast og Norsk Sjøfuglsenter overdragast til eit nytt kommersielt selskap, til dømes eit as. Det er planlagt ein ide-dugnad i Værlandet i juni, og denne vil vise om det er lokal interesse for å finne gode løysingar slik at Norsk Sjøfuglsenter framleis kan medverke til nye aktivitetar.

Norsk Sjøfuglsenter har medverka positivt til den gode utviklinga i Værlandet og vore med og bidrige til :

- ✓ eit godt samarbeid med fylkesmannen om rydding, beiting og fugletelling,
- ✓ oppstartning av arbeidet med naturskulen,
- ✓ etablering av ørnesafari,
- ✓ utvikling og produksjon av kart
- ✓ ikkje minst Værlandet Havhotell AS
- ✓ og delfinansiering av Kroa.
- ✓ i tillegg har besøket av ornitologar og fugleinteresserte auka.



Paradoksalt medfører all denne aktiviteten lite inntekt til Norsk Sjøfuglsenter slik det no er organisert. Hovudårsaka er at det er lettare å få finansiert prosjekt enn drift. Og det er ikkje mogeleg å generere billettinntekter i den storleik som trengs, i 2014 var dei om lag 30.000,-.

Styret vonar stiftarane ser seg tent med å bruke desse midlane til ei avklaring for Norsk Sjøfuglsenter. Om ein ikkje oppnår autorisasjon, må ein finne andre modellar for drift av Norsk Sjøfuglsenter slik at det framleis kan bidra til lokalsamfunnet.

Naustdal, 28. mai 2015

For styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter

Ranveig Indrekvam(sign)  
Styreleiar

Per Arne Tveit(sign)  
Nestleiar